



Tor Halvor Halvorsen  
Keilevegen 137  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6844 - 20/14816

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
25.03.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr 125/10

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 125/10  
**Tiltakshavar:** Tor Halvor Halvorsen

Alver kommune har den 10.03.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det vart registrert mangel på tilkomst til to av tre kammer i septiktanken på eigedommen din ved siste tømning. Berre det siste kammeret vart tømt på grunn av dårleg klargjering av dei to første. Når kammer ikkje vert tømt, er det fare for at massen i septiktanken flyt inn i kjeller og opp i toalett.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast før neste tømning.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise  
rådgjevar  
Miljø og tilsyn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Tor Halvor Halvorsen

Keilevegen 137 5953

FONNES